



Fritidsnausta slik dei er markert i Kleivadalen

**Eigarane av naust på 4 nausttomtar i Kleivadalen har søkt om å få byggja fritidsnaust . Dei er Tor Vidar Sæle og Valborg Sæbøe, Nelly og Jon Harald Kjærland og Magnhild Haugland og dei kjem med innspelet i samband med rullering av kommuneplanen for kystsona.**

I gjeldande kommuneplan er arealet definert som naustområde og mot nord grensar arealet til areal for fritidshus. No ynskjer søkjarane at naustarealet deira skal endrast til formålet for 4 fritidsnaust, eit for kvar av tomteeigarane. Nausta og eigedomane er små, bebygd og det ligg her godt til rette for fritidsnaust for dagopphald og heilt enkel overnatting.

Søkjarane peikar på at naust i den seinare tid har endra bruk og funksjon frå båt og garnlager til rekreasjon og fritid. Det vert stadig strengare restriksjon av fiske for fritidsfolk og då er sjø

og båt meir ein fritidsaktivitet. Ved endra bruk vil naustområdet verta meir brukt. og det betyr ein oppgradering av bygningar og strandline.

Arealet er allereie inneklemt med hytter og bustadar og det fører til at allmenta ikkje bruear stranda. Dessuten er det bratt, ulendt, mykje skygge oig kaldt til langt utover dagen om sommaren. Vinterhalvåret er sola vekke.

Dei 4 søkjarane held fram at fritidsnaust er ein glimrande bygningsform som ikkje krev høg standard men vert som eit praktisk kombi-egg godt eigna til såvel båtgarasje som sommarly etter grillkvelden ved fjorden.

Bygningane vil ha nauststil og aktivitetane vil i stor grad avgrensa seg til sommarmånadane.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen